



Amdalstveit frå søraust i 1973. Bruk 1 til høgre — dei små grå husa — og bruk 4 til venstre.

Amdalstveit

- Før 1838: Matr.nr. 30, skyld 1 laup smør, halvgard.
 1838: Matr.nr. 41, løpenr. 48 & 49, skyld 2 dalar 4 ort.
 1851: Matr.nr. 24, løpenr. 61–63, skyld 2 dalar 4 ort.
 1889: Gnr. 25, br.nr. 1–5, skyld 3 mark 84 øre.

Det einaste tunet i Sauda som har behalde utsjånaden frå tida før hamskiftet i jordbruket, er Tveit-tunet. Dei gamle grå husa på bruksnr. 1 ligg ennå slik dei har lege i meir enn hundre år. Det er noko uvisst kven som har sett dei opp, men somme av dei går i alle høve tilbake til tida ikring eller like etter 1820, for det vert fortalt at den omnen som står i stova den dag i dag, var det den andre Erik Kristensson som kjøpte. Han og Torbjørn Leitet hadde kløvhestar med seg og var like aust til

Ulefoss og henta kvar sin omn. Det er dette tunet treskjeraren Ola Fagerheim har skore ut så detaljert som det i det heile teke let seg gjera når målestokken er 1:10.

Men det gamle Tveittunet er ikkje det einaste tunet på Amdalstveit. Garden har nemleg to bruk, og kloss inn til det gamle — på vestsida — ligg eit tun prega av den nye tida, med moderniserte hus og stor driftsbygning. Vel ingen annan stad i Sauda møtest den gamle og den nye tida så iaugnefallande som på Amdalstveit.

Dei to tuna ligg side ved side ikring 220 m o.h. på øvre sida av bygdevegen frå Saudasjøen til Skeivane. Men dei har visst ikkje alltid lege der. Ein tradisjon fortel at husa på Amdalstveit i si tid skal ha lege på nedsida av vegen — på Løbakken — men at dei vart flytte opp der dei nå står av di det var så verhardt nede på Løbakken. Kva tid denne flyttinga gjekk føre seg, veit ingen. Frå der husa nå ligg, har ein eit vidt utsyn mot Amdalsgardane.

Innmarka på Amdalstveit ligg for det meste nedanom husa. Vedaskogen og beitet har garden ovanom tunet og nordvestover mot og i Kvamen, der garden har stølen sin, ikring 370 m o.h. Alt i matrikkelen frå 1665 er nemnt «Der Vnder Quambstøell». Der hadde og Indre Nes, Amdalsrød og Amdal støl i si tid, ja like til ei utskifting som vart halde sommaren 1842 då Amdal fekk tilskift austre parten av det felles fjellbeitet og flytta opp på Nystølen. Før denne utskiftinga stølte Amdalstveit også i Grødalen, vert det fortalt.

På grunn av dei kompliserte brukstilhøva før utskiftinga skifter Amdalstveit i dag til alle dei andre gardane i grannelaget. Mot aust og sør ligg Amdal, mot sør og vest ligg Litlarød og mot vest og nord heiabeita til Fostveit og Amdalsrød. Og i Kvamen har også Nes skogteigar, beite og støl.

Det finst ikkje funn eller forhistoriske minne på Amdalstveit som kan fortelja noko om alderen på garden. Men namnet skulle tyda på at han er frå vikingtida eller tidleg mellomalder. Tveit tyder eit jordstykkje som ligg for seg sjøl, og føreleden skulle tyda på at dette jordstykkjet — det vil seia garden Tveit — er rydda frå Amdal. Som så mange andre av gardane i Sauda vart også Amdalstveit liggjande øyde i nedgangstida i seinmellomalderen. Men det vil ikkje utan vidare seia det same som at